

Pressemelding, 19. juli 2018

Hovudopptaket til høgare utdanning 2018.

Samordna opptak (SO) sender i hovudopptaket 2018 ut 98 277 tilbod om studieplass. Dette er 4 176 fleire tilbod enn i 2017, ei auking på 4,4 %.

Av 140 701 søkjarar, er 124 934 kvalifisert for minst eitt studium. Aukinga er 7 446 søkjarar (6,3 %). Av dei kvalifiserte søkjarane har 98 277 (78,7 %) fått tilbod om studieplass. Til samanlikning var prosentdelen i 2017 80 %. Blant dei som får tilbod om studieplass, får 56 453 (57,4 %) tilbod på sitt høgaste prioriterte studieønske. Dette er ei endring frå 2017, der tilsvarande tal var 55 598 (59 %).

«Vidare vekst i opptaket er gjort mogeleg gjennom eit godt samarbeid i sektoren og at 85,5 % av kvalifiserte søkjarar har vitnemål som nå vert handsama digitalt. Automatisk datautveksling via Nasjonal vitnemålsdatabase (NVB) og Vitnemålsportalen har blitt viktige tenester i opptaket. Unit jobbar vidare med digitalisering og nye tenester for å gjere det stadig enklare, raskare og sikrere å søkje studieplass», seier avdelingsdirektør Grete Christina Lingjærde i Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning.

Ved årets hovudopptak blir 40 118 av tilboda gitt til menn, medan 58 159 tilbod blir gitt til kvinner. Dette gir en kvinnetal på 59,2 %, - same som i 2017. 85,5 % av årets kvalifiserte søkjarar hadde elektroniske vitnemål lagra i Nasjonal vitnemålsdatabase (NVB). Dette gir grunnlag for automatisk kvalifisering og poengrekning av søknader og ein raskare og sikrere søknadshandsaming. Totalt tal vitnemål importert i NVB per juli 2018 var 851 335.

Overbooking

Det blir sendt ut fleire tilbod enn det talet på studieplasser som er planlagt. Ut frå erfaring takkar mange nei til studieplass eller møter ikkje opp ved studiestart. For å få fylt opp studieplassane er såkalla overbooking naudsynt på mange studium. I 2017 svarte 64 % av søkjarane ja til det tilbodet dei hadde fått om studieplass. 54,4 % blei til slutt registrert som møtt. I år er det planlagt 57 975 studieplassar, 2 144 fleire enn i 2017.

Endringar frå 2017

Det er størst prosentvis auking i tilbodet til informasjonsteknologi og informatikkfag (17,5%) og innan maritime fag / nautikk (16,4 %). Tilbod til grunnskulelæruddanninga 5-10 har ein vekst på 15,8%. Det er sendt ut færre tilbod enn i fjor til ernæring- (-15,4) og ortopediutdanningane (-11,1 %). Det er også ein nedgang i tilbod på realfag (-9,6 %).

Svar på tilbod i hovudopptaket

Søkjarar som har fått tilbod om studieplass eller ventelisteplass, har frist til 24. juli med å svare på www.samordnaopptak.no Viss ein ikkje har svart innan fristen, blir dette sett på som nei-svar.

Ledige studieplassar

Oversikt over studium med ledige plassar blir lagt ut på våre nettsider torsdag 19. juli klokka 09.00. Studia kan ein søkje på frå 20. juli kl. 09.00. Alle kvalifiserte søkjarar kan søkje på ledige studieplassar, uavhengig om dei har søkt tidligare i år.

Kontaktinformasjon

Meir informasjon om søking til høgare utdanning får du ved å kontakte lærestadene eller Samordna opptak: <http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/>

Statistikk og faktnotat for hovudopptaket 2018 blir lagt ut klokka 11.00 torsdag 19. juli på <https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2018/index.html>